


Halling- lyom



Lagsblad for Hallinglaget - i Oslo -

NR. 1/08

INNHALD

Innholdsliste	side	3	
Fyriord	side	4	
Innkalling til Årsmøte	side	6	
Årsmelding 2007	side	7	
Hyttemelding 2007	side	11	
Program for hausten	side	13	
Hallingspringaren er populær	side	14	
Kjende Hallingar			
- Hilde Kirkebøen	side	16	
Hallingkveld 26. april	side	18	Merk!
Dyrskun i Seljord	side	19	
Lagsinfo	side	20	
Folkedanskveldar	side	21	
Styret i Hallinglaget	side	22	

Fyriord

Hallinglaget ynskjer alle velkomen til eit nytt år i Hallinglaget.

Takk for alt i det gamle, det har vore eit usedvanleg aktivt og innhaldsrikt år.

Det er skikkeleg moro at folk møter opp når me i Styret skipar til eit eller anna. Det har jamt over vore bra deltaking dette året. Helgekurset i haust vart ein ny suksess, med om lag 45 personar til stades! I fjor var det Ulf-Arne Johannessen og Renate Nysted Tønnessen som heldt kurset, i år hadde Renate med seg Håkon Tveito. Begge desse karane er frå Ål, og har ein masse kunnskap om hallingspringaren. Alle i laget er svært glad for at Håkon ville halde dette kurset. Håkon er ei danselegende som det var veldig inspirerende å få lære av. Eg er også imponert over Renate som er så flinkt til å syne jentedansen, sjølv om ho kjem frå Farsund heilt sør i landet. Renate har studert folkemusikk og folkedans både i Trondheim og Rauland. Renate er ein ressurs for laget og har vore med i Styret dei siste fire åra.

Av dei største hendingane dette år vil eg nemne:

- Hallingkvelden 24. mars med konsert og dans som samla minst 100 personar!
- Buskerudkappleiken på Torpo der me deltok med dugnad og lagdans.
- Folkemusikkveka på Ål der me var med på mykje moro og dansa på Bygdamønstringa.
- Hallinglaget var med å skipa til ein stor bygdefest fredagen under Folkekulturfestivalen i Oslo. Festen var eit vellykka samarbeid med Numedalslaget, Telalaget og Valdreslaget.
- Landskappleiken på Geilo der me deltok på lagdansen og minst 10 personar var med som dugnadsarbeidere.
- Deltaking på Jørn Hilme stemnet, med mange gode konsertar og danseopplevingar.
- Kjempedugnad på Hallingbu, der to nye vindauge vart sett inn! Det vart også måla og beisa på hytta.
- Veldig bra helgekurs i hallingspringar med over 40 deltakera. Eg er sikker på at helgekursa våre med lunsj finn ein ikkje maken til. Om nokre veit om betre kurs så gje beskjed.
- Kurasa våre? resulterte i at Hallinglaget vant lagdansen på Oslokappleiken i år!
- NRK Dagsrevyen vitja oss ein øvingskveld i november og opptaket vart med i eit innslag om bygdelaga i Laurdagsrevyen 8. desember.
- Småmatfesten vart arrangert for sjette gong, og samla over 35 personar. Dette har vorte ein fin tradisjon som rundar av året. Etter det tek me juleferie før me sett i gang med eit nytt år.

Alle kan lese meir om desse hendingane i årsmeldinga for laget som er med i denne utgåva av Hallingljom. Det kan vere lurt å studere årsmeldingane litt; for å sjå om det er noko meir som ein kan delta på. Sjå også årsmeldinga for Hallingbu, for det skjer mykje bra der! Og som eg har skrive tidlegare, ein må delta på mange øvingskveldar før ein blir like kjent som på ein tur til Hallingbu. Elles håper eg at Hallinglaget er opent og positivt også for nye folk. Det kan lett bli slik at me som er mest med og som kjenner kvarandre best blir ein slags klikk! Det er ikkje ynskjeleg, men det er nok ofte slik at det er meir moro om ein er med endel. Mange gjer ein formidabel innsats, og det er slike som heldt lagsdrifta i gang. Takk til alle som tar i eit tak.

Eg ynskjer at flest mogeleg i Styret blir med på eit nytt år, for no har det same styret halde på i fire heile år! Eg ser på denne stabiliteten som ein styrke og eg synes at dette styret er det beste som har halde på i mi tid. Me i Styret utfyller kvarandre godt og til saman er med ”dynamitt”. Det trur me sjølve i alle fall. Somme seier at me burde halde på me andre ting enn det me gjer; og det er sikkert sant at det er mykje anna me kunne gjort. Men om me skal starte opp med nye ting må me nok få med andre eldsjeler. Så hugs det, at det er lovleg for alle å koma med idear og setja i gang med ting. Folk må gjerne koma med forslag til nye aktivitetar og forbetringar av drifta. Møt gjerne opp på Årsmøtet den 6. februar og kom med forslag. Saker til årsmøtet må sendas inn før 30. januar i år.

Laget ynskjer alle velkomen til aktivitetane framover, sjå programmet i midten. Velkomne skal de vere.

Kos dikkon med Hallingljom!

Terje



Helgekurset 10-11. november samla omlag 45 personar. Her er mange samla til eit avsluttande bilde sundagen. Spelemannen med fela er Ola R. Imset og instruktørane er lengst til høgre: Håkon Tveito og Renate Nysted Tønnessen. Nokre ungdomar var også med.... moro.

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2008 I HALLINGLAGET I OSLO

**Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget
Onsdag 6. februar kl. 19.00**

**i
Blåsalen
Nordahl Brunsgt. 22.**

Sakliste:

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2007
4. Godkjenning av rekneskapen for 2007
5. Arbeidsplan for år 2008
7. Fastsetting av prisar og medlemspengar
8. Val av nytt styre (4–6 pers.), hyttestyre (3), bladnemnda (3) og valnemnda (2–3)

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 30. januar 2008.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2007, har røysterett på årsmøtet.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte.

Med helsing
Styret i Hallinglaget i Oslo

Årsmelding for Hallinglaget i Oslo år 2007

Styret:

Leiar: Terje Grangård
Nestleiar: Berit Grøtt Ellefsen
Kasserar: Gro Sissel Taraldrud
Skrivar: Ola R. Imset
Styremedlem: Else Mohn
Styremedlem: Renate Nysted Tønnessen

Hyttestyre:

Hyttesjef: Bård Kyrkjedelen
Medlemer: Else Mohn, Hilde Kirkebøen og Michel Gascoin

Bladnemnd: Svein Aasen, Kathinka Mohn og Sigrid Egtvedt.

Valnemnd: Kathinka Mohn og Hilde Kirkebøen

Danseleiar: Oddmund Vestenfor

Hallinglaget hadde årsmøte den 7. februar i 2007. Dette året hadde Hallinglaget 39 fullt betalende medlemmer og 15 bimedlemmer.

Våren 2007 hadde laget 7 hallingspringarøvingar/lagskveldar i Blåsalen i Nordahl Brunsgt. 22. Dei som spelte for laget denne våren var Hilde Kirkebøen, Ola R. Imset, Thea Tunås Bratteng, Eilev G. Myhren og Huldraleiken Hardingfelelag som er leia av Bernt Balchen. Alle desse spelte på hardingfele.

Hausten 2007 hadde laget 7 hallingspringarøvingar/lagskveldar. Hilde Kirkebøen, Ola R. Imset, Eilev G. Myhren og Huldraleiken Hardingfelelag spelte. På alle øvingane er det servert heimebaka kake, noko folk set pris på. Øvingskveldane i hallingspringar har hatt eit oppmøte på 10–24 personar. Styret synes at dansekveldane har tatt seg opp og det er bra, for det viktigaste laget gjer er å halde liv i dette dansemiljøet i hovudstaden.

Dei tillitsvalde i Hallinglaget har hatt to styremøte i vårhalvåret og to styremøte i hausthalvåret, der me har planlagt aktivitetar og drift. Møtene har me hatt i lagsrommet vårt innafor kjøkenet i Nordahl Bruns gate, før springarøvingane startar. Til mat både småmat og pizza servert. Elles er E-postmeldingar særst nyttig i lagsdrifta og blir mykje brukt.

Hallinglaget har arrangert 2 minikurs i hallingspringar (4. feb. og 30. sep.), i ein og ein halv time før Folkedanskvelden. Det fyrste kurset samla 20 deltakarar og det andre kurset 14 deltakera. Laget takkar Gro Sissel Taraldrud og Terje Grangård som stilte opp som instruktørar, og Ola R. Imset som har spelt hardingfele på desse kursa. Minikursa har skapt blest om laget og har vore vellykka ved at fleire blir med på helgekurset på hausten. Så desse kursa er ein viktig dugnadsinnsats av laget og har skapt rekruttering. Hallinglaget er det einaste bygdelaget som klarer å skipa til slike minikurs no. Det er me i styret stolte av.

Hallinglaget tok på seg ei dugnadsoppgåve for Bygdelagssamskipnagen i februar/mars. Nokre eldskjeler i laget vaske og pussa opp kiosken i Nordahl Bruns gate. Eg vil nemne Berit Grøtt Ellefsen, Archie Nielsen og Else Mohn som var med på dette. Takk til alle desse.

For fyrste gong skipa Hallinglaget til ein Hallingkveld den 24. Mars, med konsert og dans, som samla minst 100 personar! Det var fyrst Berit Grøtt Ellefsen og Ola R. Imset som ivra for dette. Dei fekk med seg resten av Styret og denne kvelden vart ein stor suksess som "alle" seier at me må gjera om att. Konserten og dansespelet var særst bra, heldigvis fekk mange med seg denne. Det heilt spesielle med kvelden var at me sette opp ein stor turistbuss frå Geilo tur/retur. Sjølv om denne bussen kosta flekk var det mogeleg å få dei to stjernene Øyvind Brabant og Ulf-Arne Johannessen rimeleg nedover. Likeins resten av Hallingdal Låtelag, samt Torstein Gjeldokk med trekkspel. Ikkje rart at me fekk knytt gode band med Geilo som skulle skipa til Landskappleik seinare dette året. Alle som var spurt til å spele, slik som gamaldansgruppa Best før ... med Ola R. Imset, Huldraleiken med Bernt Balchen og Hilde Kirkebøen stilte opp gratis. Alle kosa seg på festen med spikjimat og tilbehør. Då Archie Nilsen sponsa laget med øl var det ikkje rart at denne festen vart ein økonomisk suksess. Så no har Hallinglaget pengar til nye arrangement.

Mange medlemmer frå Hallinglaget deltok på Den norske folkemusikkveka på Ål siste helga i mai. Laget fekk vist seg fram då me dansa lagdans på Bygdamønstringa. Det var Ola R. Imset som spelte for oss. Både fredag og laurdag kl. 10.00 er det springardansing på kulturhuset. Dette er ei viktig formidling av dansen til alle dei som kjem til Ål. Her dansar både unge og eldre med og som vanleg var mange medlemmer i Hallinglaget med. På laurdagskvelden var det ein myldrekveld på Kulturhuset med særst godt dansespel både på Hovudscena og i Syningen til langt på natt. Den store konserten med Kvarts og Kringkastingsorkesteret vart vist to gonger. Elles var det mange fine konsertar på Ål i år, eg vil spesielt nemne konserten med hallingspel på Sundrehall; for ein hardingfelekonsert! Eg vil også nemne dei som var med, dei yngste fyrst: Thea Tunås Bratteng, Olav Luksengard Mjelva, Hilde Kirkebøen, Egil Syversbåten, Arne Anderdal, Frank Syversrud og Øyvind Brabant!

Bygdelagsstemnet på Bygdøy 3. juni samla også dette året medlemmer frå Hallinglaget. Det var bra sommarvêr så all dans og framsyningar var ute. Hilde Kirkebøen spelte på bygdedansen og framsyninga for Hallinglaget og Valdreslaget. På kvelden spelte Østerdølenes Spelemannslag veldig bra som vanleg. Det kom ein del folk, men det hadde vore plass til mange fleire, så møt opp neste år. Her kan Hallinglaget skaffe fribillettar til dei som er medlemmer i laget.

Onsdag 13. juni var den årlege Spikjikkjøturen til Hallingbu. Det vart mykje god mat på dei åtte som deltok på turen. Dei tøffaste bada i Ormetjern, og diverse dugnader vart planlagde. Dei som var med hadde ein veldig fin tur og det var skumrent på ved ned att til Snippen.

For femte gong klarte Hallinglaget å samle ein stor gjeng på Landskappleiken, som i 2007 var lagt til Geilo i Hallingdal! Då kappleiken var på heimleg grunn hadde om lag 10 medlemmer i Hallinglaget tatt seg dugnadsjobb. Dette vart triveleg, for alt fungerte så bra! Maken til god planlegging der tevlingane gjekk etter planen og der alle som arbeidde dugnad fekk kost og triveleg samvær med andre som tok i eit tak. Og utruleg nok så klarte Hallinglaget å delta på lagdansen som gjekk føre seg alt på onsdagskvelden. Fire menn og seks kvinner danna fem par som debuterte på landskappleiken for fyrste gong! Geilo skipa til ein særst bra kappleik med dansing på mange golv, både bygdedans og gammaldans. Eg fekk med meg mange store danseoppleingar. Til dømes lagdans med ungdommar under 18, som dansa springar så bra og med slik glede at ein måtte gje seg over. Dei unge dansarane frå Torpo og Ål vant "alt som

var” av dans! Takk til alle i laget som var med. Omlag 8 personar frå Hallinglaget deltok også på Dudnadsfesten som vart halde laurdag 27. oktober. Her var det bordsete der det ikkje mangla nokon ting, samt mange fine kaker. Askerladden spelte gammaldans og nokre få springarar vart det òg. Det var trivelege folk og lag på Geilo.

Folkelarm var i år lagt til helga 28.-29. September på Cosmopolite og Belleville. Desse to scenene ligg nær kvarandre og me fekk mange store opplevingar, med musikk frå to scener samstundes. Det var musikk for ein kvar smak, også to danseframсыningar og utdeling av mange gilde priser på laurdagen. Årets folkemusikar vart dansaren Hallgrim Hansegård frå Valdres. Takk til Laget for Spelemenn som har klart å skipa til eit nytt arrangement som samlar mykje folk i Osloområdet.

Dette året gjorde Hallinglaget ei dagnadsoppgåve for Bjørg Irene Abrahamsen under Dyrskun i Seljord (helga 14. – 16. september). Heile åtte frå Hallinglaget reiste bortover; fire på fredagen og fire til på laurdagen. Me hadde kost og losji og betaling som parkeringsvakter på jordet til Bjørg Irene. Dette fine jordet er reine gullgruva under Dyrskun, og det var moro å vitja Telemark og sjå det store folkelivet som dei har klart å skipa til her. Til middag på laurdagen fekk me servert tre ulike paier som smake heilt utruleg bra. Triveleg tur og laget fekk inn kjærkomne pengar til lagsdrifta. Ein kjempestor TAKK til Svein, Gro Sissel, Sigrid, Oddmund, Else, Kathinka med dottera Else og Terje.

Hallinglaget skipa til eit gildt helgekurs i hallingspringar helga 10.–11. november i Nordahl Bruns gate. Instruktørar var Håkon Tveito og Renate Nysted Tønnessen. Hilde Kirkebøen og Ola R. Imset spelte bra kvar sin dag. Me lukkast med PR-arbeidet, folk meldte seg på så ein fekk bakoversveis! Det var over 40 påmeldte til kurset som vart særdeles bra. Underteikna meiner at Hallinglaget no er landets beste arrangør av folkedanskurs med utruleg bra lunsj begge dagane. Håkon imponerte med klar og tydeleg instruksjon, både til nye og røynde dansarar. Renate var også i storform og synte jentedansen bra. Dei som var med på kurset fekk tak på dansen og var veldig nøgd med kurset. Moro å oppleva at 20 par dansa fint rundt i Storsalen på slutten av sundagen. Ein stor takk til Else og Berit som laga så bra mat te kurset.

På Oslokappleiken 17. november klarte Hallinglaget å stille lag i lagdansen og **vinne!** Dette var veldig moro, for både Telelaget, Numedalslaget og Valdreslaget stilte gode lag. Så dei siste åra med skjeldent bra helgekurs i hallingspringar har gjeve resultat. Dessutan spelte Hilde så bra for oss. Oslokappleiken i år vart skipa til med både tevlingane og festen i Nordahl Bruns gate. Dette fungerte veldig bra. På fredagen var det også ein innhaldsrik og fin minnekonsert for Kjetil Løndal med triveleg fest etterpå. Ei gild helg med folkemusikk!

Hallinglaget arrangerte Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate både 18. mars og 25. november. Begge kveldane var det Best før ... med Ola R. Imset som spelte. Det er også veldig fint at Ola spelar ein 3-4 hallingspringarar i pausa. Dette er god PR for dansen og det har vore 12-15 par på golvet desse sundagskveldane. Folkedansnemnda slit med å halde liv i desse kveldane, sjølv om sær gode gammaldansgruppene spelar der. Om folk ynskjer at dette dansemiljøet i hovudstaden skal bestå, må kvar og ein av oss ta ein tur i ny og ne og helst ha med seg ein ny danseglad person. Dansefestane som Rundsnuen skipar til to gonger er også veldig bra.

På siste springarøvinga før jul (5. desember) hadde me ei fin juleavslutning, Småmatfesten er tradisjon etter 6. året på rad! Berit Grøtt Ellefsen, Else Mohn, Gro Sissel Taraldrud, Renate Nysted Tønnessen, Svein Aasen og Terje Grangård laga småmaten i år. Saman med

lefsekling, flatbrød og lettøl er dette mat som smakar. Småmaten var betre enn nokon gong! Omlag 37 personar deltok, det er også rekord! Etterpå var det dans. Fyrst ut var Halvar Opheim med toradaren, han spelte både gammaldans og pols, noko mange sette pris på. Etter Halvar tok Hilde Kirkebøen over, og me trødde hallingspringar utover kvelden. Det var god stemning og mykje folk på golvet.

Hardingfela til Hallinglaget vart leigd ut til Idun Bugge Mariussen i sommar og laget er glad for at fela no kjem til nytte. Idun er ein lovande felespelar som stiller på Landskappleiken.

Lagsavisa Hallingljom har kome ut i to eksemplar også dette året. Fleire er vorte flinkare til å skrive bidrag til lagsbladet. Det har resultert i at dei siste avisene har blitt ekstra gode. Også dette året har Terje laga aktivitetsguidar vår og haust og oppdatert nettsidene til laget. Ein stor takk til alle som har tatt i eit tak for laget. Har de noko på hjarta, så skriv det i lagsbladet!

Det må og nemnast at på festen 4. dag jul på Gol var med folk frå Hallinglaget. Gol Spel- og dansarlag hadde 50-års jubileum og dei som var med hadde ei triveleg stund.

Dette året har vore det mest aktive året i Hallinglaget i nyare tid.

Terje Grangård



*Småmaten blir laga til kvelden før, og mange ynskjer å vere med på å lage den til! Den gode krafta har Berit laga på fyrihand, heime på Konnerud
Frå venstre: Else, Berit, Gro Sissel, Renate og Svein. Terje tok bildet og hadde som jobb å servere kaffi og lefseklingavkapp!*

Årsmelding for Hallingbu 2007



Avslutninga av arbeidet ute etter at nyeglasa var sett inn på ein krevjande dugnad! Resultatet vart bra. Her blir siste kledningsbordet måta til av Bård og Terje skrur inn den siste stormkroken.

Hallingbu vart jamnleg brukt også i 2007.

Det vart ikkje tid til nokon romjulistur dette året for å lese hyttebok, så difor blir det ingen statistikk over antal turar til Hallingbu, kor mange overnattingar og kor mykje folk. Men det har vore eit år på det gjevne, med mange gode dugnader der ein fekk gjort ein masse. Denne årsmeldinga blir difor skrive etter hugsen min og Terje sin.

Det eg minnest best er dei to nye 'Røros glasa' som no er på plass. Dei gamle glasa var særst morkne og noko fukt fant me også i veggen under det eine glaset. Difor var det ei god kjensle å sjå dei nye glasa på plass. Det var kjøkkenglaset og glaset i gangen som vart bytta ut. Tre av dei andre småruta glasa vart bytta ut for ein 6-7 år sidan. Så no er det berre det store glaset i stugua som er merka at tidas tann, men med godt vedlikehald av dette glaset vil det nok halde ei stund til.

Spikjikkjøtturen vart også i år ei framifrå oppleving. Me sessa oss ved langbordet, åt spikjikkjøtt, eggerøre, rumme, gulrot, potet, flatbrød, slik me gjer kvart år. Maten var like god som han alltid er og været var heller ikkje så verst, på tross av at me mest hugsar sommaren 2007 for det dårlege vêret.

Laget har også hogd litt meir av småskogen på nordsida av hytta, slik at ved skal det ikkje skorte på. Peisen og peismuren i stugua vart måla kvit og 'vinterkjøkkenet' i midtrommet er gjort i stand. Brannmuren i midtrommet er også måla kvit. Det vart i det heile måla og beisa endel i året som gjekk. Glasforingane til nyeglasa er blitt måla, og me har byrja med å pusse opp det inste rommet som fungerer som soverom. Dette gjev resultat!. Sørveggen der sola tek mest, inngangspartiet og veggen med dei nye glasa er blitt beisa slik at alt ser nybeisa ut. Det er altså blitt ganske so fint på Hallingbu no.

Sjølv om arbeidet har hatt fokus dette året har det vore mange triveleg samkomer, badeturar i Ormetjern, gode måltider og gjester som har kome innom er blitt traktert etter beste evne.

Hyttestyret ved
Bård Kyrkjedelen.



Her er det beising på gang!

Sørveggen er høg og her steiker sola som den vanlegvis gjer. Ofte sit me og kosar oss i denne solveggen når me er på Hallingbu, og et måltida ute....

På bildet er det Else og Oddmund som gjer ein innsats med beisekosten på Hallingbu. Ingen av desse har høgdeskrekk!

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er springardansing desse onsdagane:

- 9. jan. Springarøving kl. 19.00. Hilde Kirkebøen spelar!
- 23. jan. Springarøving kl. 19.00. Hilde Kirkebøen spelar!
- 20. feb. Springarøving kl. 19.00. Lisbeth Haraldsen spelar torader!
- 5. mar. Springarøving kl. 19.00. Ola R. Imset spelar!
- 2. apr. Springarøving kl. 19.00. Huldraleiken Hardingfelelag spelar!
- 16. apr. Springarøving kl. 19.00. Hilde Kirkebøen spelar!
- 14. mai. Springarøving kl. 19.00. Hilde Kirkebøen spelar!
Utdeling av diplom til ihuga dansarar

Andre viktige hendingar dette halvåret:

**Sundag 3. februar: Minikurs i hallingspringar,
før Folkedanskvelden kl. 18.00. Ola R. Imset spelar!**

Det blir instruksjon i ein og ein halv time, og det blir springardans ein ekstra time etter kurset. Møt opp!

Onsdag 6. Februar: ÅRSMØTE I HALLINGLAGET!

Startar presis kl 19.00 i Blåsalen. Alle medlemmer er velkomne.

Sundag 9. mars: Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden frå kl. 19.30. **Best før ...** og Ola R. Imset spelar.

Helga 8. – 9. mars: Vintertur til Hallingbu.

Interesserte må melde seg på til laget slik at turen kan samordnast.

12. april: Buskerudkappleiken på Prestfoss i Sigdal.

Laurdag 26. april: Stor Hallingkveld i Nordahl Bruns gt 22!

Bygdefest med bordsete, mat og tilbehør. Gode spelemenn på torader/hardingfele frå Hallingdal. Moroa varer frå kl. 18.30-01.00.
Pris kr. 200 kr,-. Påmelding helst innan 16. april.

18. mai – 25. mai: Folkemusikkveka på Ål!

Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta fri nokre dagar i mai!

Sundag 1. juni: Bygdelagsstemnet på Bygdøy.

Hallinglaget dansar på platingen ein liten halvtime frå omlag kl. 15.00. Dei som dansar kjem inn gratis!

Onsdag 11. juni: Spikjikkjøttur til Hallingbu!

25.juni –29. juli: Landskappleik på Oppdal !

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Meir info. på www.hallinglaget.net

Hallingspringar – framleis den mest populære bygdedansen i Oslo?

Helga 10. - 11. november skipa Hallinglaget til sitt årlege helgekurs i hallingspringar. I førehandsomtala av kurset i Hallingljom 02/07 skreiv leiaren vår Terje blandt anna: "Dette blir eit kjempebra kurs, både for nye og for røynde dansarar".

Blestarbeidet og e-postane til Terje gjorde tydelegvis inntrykk. Påmeldingane strøyma på særleg frå jentene. Nokre dagar før kurset sendte Terje ut denne e-posten: Til no er det 12 påmeldte gitar, det skulle gjerne ha vore fleire! Høyre de gitar!? - og heldigvis så høyrde gutane på dette slik at dei til slutt vart like mange!

Etter kurset kan kasseraren vår Gro Sissel fortelje at 20 gitar og 21 jenter betalte og var med på laurdagen, totalt 41. Sundagen var det 18 gitar og 19 jenter. Sjølv om oppslutninga ikkje slo rekorden frå i fjor med 45 deltakarar var det svært bra.

Instruktørar denne gongen var Håkon Tveito og Renate Nysted Tønnesen. Håkon er frå Ål, A-klasse dansar og vant kongepokalen i dans hardingfele klasse A saman med Gunnlaug Lien Myhr i Førde i 1995. Håkon har studert nøyre korleis dei "gamle" dansa i Ål og er i dag ein av dei beste dansarane i Hallingdal. Han har lært av eldre dansarar og gamle filmopptak. Han har lært av Tor Underberg, Sigurd Teigen, Olav H. Sletten og Torleiv Sjøheim. Med seg til å lære jentene sviving og andre spesielle steg for jentene hadde han Renate Nysted Tønnessen frå Lista. Renate dansar mange forskjellige bygdedansar, er god til å vise kva jentene skal gjere, og har studert dans både på Rauland og i Trondheim.

Til å spele for oss hadde vi hardingfelespelarane Hilde Kirkebøen på laurdag og Ola Imset på søndag. Begge har eggjande og drivande godt dansespel slik at kriblar i dansefoten heile tida.

Håkon har dansa springar i over 30 år, etter kvart halde mange kurs og veit korleis han skal leggja opp instruksjonen for at deltakarane skal få størst mogeleg utbytte. På laurdagen vart det mykje trening på finne den rette takten og rytmen "hallingsvikten" i dansen. Likevel kom vi gjennom nesten alle "hovudmotiva" også rundsnuen. Personleg syns eg at Håkon har veldig tydeleg og fin "hallingsvikt" – noko som gjer at ein får hug til å danse. Håkon viste oss også fleire måtar å danse dei ulike motiva og overgangane på. På sundagen vart det repetisjon av det vi lærte på laurdagen, men også litt ekstra trening på spesielle steg for gutane samtidig som Renate tok seg av jentene slik at dei fekk trenings spesielt på sviving. Renate peika spesielt på at jentene også må ta ansvar i dansen og ikkje berre la seg føre av gutane. For at samdansingen skal bli bra må både guten og jenta gløyme alt anna enn dansen, høyre på musikken og leike seg med takta. Jenta kan også vise initiativ og svara på appellar frå guten.

Håkon viste oss nokre fine kast så gutane har noko å strekkje seg etter/trene på – på øvingane.

Sjølv ikkje ein springardansar klarer seg utan mat og drikke. Her hadde styret med Else og Berit i spissen laga masse godsaker. Vi fekk heimebaka brød, spikjimat, eggerøre, sildesalat, ost, heimelaga syltetøy, kaffi, te og mineralvatn med meir – betre enn hotellunsj begge dagar.

Takk til Håkon og Renate for framifrå inspirerende og lærerikt kurs. Takk til Hilde og Ola for drivande godt dansespel.

Hallingspringar er ein utruleg fin dans, og ein vært meir og meir glad i dansen til meir ein lærer og vågar sleppe seg laus - og nyte samdansen med jenta - litt flørting høyrer også med. Til dykk som var med på kurset eller har gått kurs før: Bruk sjansen no til å øve meir på denne fine dansen før det blir glømt det du allereie har lært. Hugs: Øving gjer meister gjeld i alle fall i dansing. Det er i seg sjølv grunn god nok til å møte opp på øvingane i vårhalvåret. Frammøte på øvingane etter kurset er også eit prov på det – no kjem det fleire enn 10 par kvar gong på øvingane.

Til slutt takk til Terje og resten av styret for at dei gjer så mykje for at hallingspringaren skal overleva i Oslo og bli mykje bruka i bygdedansmiljøet i hovudstaden. Den store oppslutningen om kurset er eit bevis for at styret gjer ein god jobb slik at danseglade jenter og gutar har fått augo opp for hallingspringaren.

Vil samtidig ynskje alle eit godt nytt danseår i 2008.

Svein



*Her syner Renate og Håkon dansen. Dei gjorde instruksjonen så grei at me skjønte det!
Sjølv om det er vanskeleg å gjera dei etter, så fekk me til meir etter kvart
Fotograf: Svein Arne Sølvberg*

Kjende Hallingar: HILDE KIRKEBØEN



Hilde slik me kjenner henne. Blid, positiv og med gnistrande dansespel!

Hilde Kirkebøen er født i 1973, og er dotter til Agnes (født Arnegård) og Sigurd Kirkebøen. Hilde vaks opp i Stavevegen i Ål saman med syster si Torunn og bror sin Arild. Etter barne- og ungdomsskolen på Ål gjekk ho på Hallingdal Gymnas på Gol.

Hilde fekk tidleg hug til fela og begynte på musikkskolen i Ål 9 år gammal. Ho begynte samstundes i lære hjå Jens A. Myro. Ho har lært veldig mykje av spelet til Jens og er ein arvtakar av det. Ho har også lært mykje av andre gode spelemenn, slik som Øyvind Brabant, Egil Syversbråten og Magne Myhren. Ho har stadig utvikla spelet sitt og er no ei spelkvinne som er særst ettertrakta til dansespel rundt omkring. Når det gjeld musikalske røter går desse attende på morssida, nærast til Arnfinn Bøygard frå Ål.

Hilde kom til Oslo i 1994, og har betydd svært mykje for Hallinglaget og hallingkulturen i hovudstaden. Utan henne trur eg ikkje Hallinglaget hadde overlevd og ho er ein ypparleg representant for spelet frå Hallingdal. Hilde er så positiv og stiller alltid opp om nokon treng spel på hardingfele. Ho er særst godt likt og har vore den faste spelemannen/spelkvinnen til Hallinglaget sidan ho kom til byen.

For eit bygdelag betyr det utruleg mykje at ein har ein god spelemann. Magne Myhren spelte for Hallinglaget i ein mannsalder, og då han ikkje kunne spele meir for laget fordi han høyrde for dårleg var me i laget ille ute fyrst på 90-talet. Me vart redda av eit par studentar på Landbrukshøgskola på Ås; Jon Lilleslett frå Hol og Georg Gjøstein som opphavleg er frå Gol men som no bur på Geilo. Men det er langt frå Ås til Oslo, så det

var sikkert litt slitsamt av og til. Men dei stilte opp, det gjekk greitt eit par år, og begge vart dugande spelemenn. Men så vart dei ferdige med studiane og skulle flytta vekk frå Osloregionen. Kva då? Ville laget overleva? Dette var ei tøft tid for laget

Men underet skjedde: **Hilde** kom til byen, som ein reddande engel for Hallinglaget og hallingspelet i hovudstaden.



Hilde er veldig godt likt i folkemusikkmiljøet. Utallige er dei kveldane ho har spelt på ulike samkomer. Og Hilde spelar like godt uansett kor seint det er. Ho får gjerne ei speleøkt seint på kvelden. Det er gjerne då ho gneistrar til med sitt mest intense dansespel som får folk til å lye og danse så dei ikkje gløymer henne. Det som imponerer meg veldig er at ho klarer å halde hovudet kaldt, sjølv om det er mykje folk med kaos og uro, før ho set i gang med sitt dansespel som får folk utpå golvet i ein samkøyrtdansering. Meisterleg!

Det å stille på kappleik i spel hardingfele liker ikkje Hilde så godt, i alle fall ikkje aleine. Men Hilde har vunne gruppespel saman med Kjellfrid Rasset nokre gonger. Dei spelte så bra på 100 års festen til Hallinglaget i 1999, at dei vart lagt merke til. Hilde har også halde nokre fine intimkonsertar opp gjennom åra.

For det er som dansespelemann at Hilde verkeleg har gjort seg kjent i hovudstaden. Dei siste åra har ho spelt til dans under Folkemusikkveka på Ål og på Landskappleikane er ho sjølvskreven. Og Hilde spelar også jamt for Valdrelaget i Oslo, til døme sist haust då ho var fast spelkvinne for dei på kurs og dans 10 kveldar på rad, og valdrisen var nøgde!

*Hilde Kirkebøen med kvalpen sin på Beitostølen, under Landskappleiken i 2006! Ein kvit samojed. Kvalpen er no blitt stor og heiter **Leika**.*

Forutan sitt engasjement for folkemusikken brenner også Hilde for jobben sin, og spesielt for dei unge og dei svake i samfunnet. Hilde er utdanna barnevernspedagog og diakon og har mastergrad i profesjonsetikk. For tida jobbar ho som diakon i ei kyrke der ho driv ein kafé/værestad/ møteplass som er open for alle, men som rettar ein spesiell invitasjon til personar innanfor psykisk helse i Alna bydel. Tredje kvar helg arbeider ho også på ein institusjon for rusavhengige (langtidsbehandling). Fleire av dei som har vore i behandling her og som er på veg til å etablere seg i eigen leilighet, er med som frivillige på Ellingsrud. På den måten prøver ho også å jobbe med ettervern, noko som ho synes er ein av dei største manglar i dagens rusomsorg. Hilde har også timearbeid ved universitetet der ho er med på eit prosjekt som rettar seg mot tilsette og brukarar av hjelpeapparat i Oslo kommune. Der arrangerer dei også kurset i etikk: "Medborgerskap og dømmekraft" som ved hjelp av erfaringar frå brukarar har til hensikt å forbetre hjelpetenestene. Hilde er også med i eit prosjekt der som går ut på å utvikle den lokale velferd ved blant anna å etablere nye lokale møteplassar. Ein ting er sikkert, Hilde har nok å drive med!

Hilde var også med i Styret i Hallinglaget i mange år. Det vart mange trivelege styremøte i den vesle leiligheta som Hilde leigde i Svenskestien på den tida. Og med Hilde på laget var det alltid greitt å få til godt dansespel på samkomene våre! Øvingane våre er også ein lokal møteplass for alle som er interessert i folkekultur frå Hallingdal. Eg vil på vegne av laget rette ein stor takk til Hilde med alt ho har bidrege med gjennom alle desse åra ...

Terje

HALLINGVELD / DANSEFEST

I Nordahl Bruns gate 22, Storsalen

Laurdag den 26. april 2008, kl 18.00 – 01.00

Pris: kr. 200,-/250,- (medl./ikkje medl.)

**Bordsete: Spekemat med det som høyrer til,
kaffi og kaker.**

**Spanande konsert og godt dansespel
til nokre av våre beste spelemenn:**

Me håpar på desse:

Ingunn Stræte Lie – Torader,

Olav Luksengård Mjelva – Hardingfele/Fele

Hilde Kirkebøen – Hardingfele

Lisbeth Haraldsen – Torader

Thea Tunås Bratteng - Hardingfele

Ola R. Imset – Hardingfele

Torstein Gjeldøkk - Trekkspel

Best før ... - med god gamaldans

Det blir dans, både springar, gammaldans og pols!

Om folk tar med instrument er det sjanse for å få spela.

(Ta kontakt med Ola R. Imset som set opp spellista).

Om folk kan tenkje seg buss frå Hallingdal så gje beskjed så raskt som råd til laget (innan 10. april), så vil me vurdere buss frå Geilo. (Eks.: Geilo kl 12.30 laurdag og retur frå Oslo kl 01.30 natt til søndag).

Med 15-20 passasjerar blir det buss til kr. 250.- tur/retur!

Vi gler oss til å samle mange kjente til felles moro, så meld dykk på!

Vi vil gjerne ha beskjed innan 16. april slik at vi veit omlag kor mange som kjem!

Påmelding kan skje ved innbetaling til laget sin konto 1254.05.18988,
merk med Hallingkveld og namn.

Om Hallinglaget ikkje har Epost-adressa di, send ho til Terje Grangård.

DYRSKUN I SELJORD 2007

Under Dyrskun i Seljord vart nokre av oss frå laget bedne heim til Bjørg Irene og Halvor som held til der oppe mellom fjell og dalar. Bjørg Irene Abrahamsen er den heldige eigar av ein gard med eit jorde som ligg langs vegen inn til Seljord. Dette jordet leiger ho ut til parkering under Dyrskun, og så trong ho parkeringsvaktar den helga, og slik hadde det seg at det vart tur til Telemark og nokre lettente kroner til laget.

Sjølv har eg aldri vore på dyrsku før, men hadde ei førestelling om yrande dyreliv og auksjonar, samt eit godt beite med traktorar og gravemaskinar. Det siste vart i alle fall innfridd til fulle. Her var elles litt av kvart anna som skjedde; tivoli, marknadsbuer, sauer og lamaer, forskjellig handverk, landbruksmaskinar, og ikkje minst eit fantastisk mattelt der vi gjekk runde på runde og smaka oss mette på den deiligaste heimlage gardsmat!

Oppsummert tykkjer eg det vart for lite dyr og for mykje salsbuer, som ein finn på alle andre marknader, men det var visst eitt eller anna virus på gang dyra imellom, så da så.



Glimt frå Dyrskun i Seljord på fredagen. Fine kalvar som vises fram av ungdom. Det var stil og kvalitet på eindel av det som vart synt fram på Dyrskun.

Bjørg Irene sørge for triveleg stemning på parkeringsplassen med bål, toradar og ei korg full av vått og tørt, og søndag kom til og med mora med heimlaga lapskaus. (men dette hugsar ikkje Else, for ho var reist då).

Vi vart utstyrde med refleksvestar og sende ut på jordet for å halde orden på alle bilane. Laurdag vart jordet stappfullt, men søndagen gjekk det noko tregare, da var det regn og surt.

Laurdag kveld diska Bjørg Irene og Halvor opp med full middag heime på garden Aabø, der dei bur. Dette er ein draum av eit hus, og ingen tvil om at Hallvor, som har bygd våningshus av sauefjøset, er ein mann for detaljar og den gode smak! Ein utruleg fin plass med diverse

små tømmerhus rundt på tunet; eg gjekk meg heilt vill da eg natterstid skulle finne utedoen.

Ein stor takk til vertskapet – veldig fin tur og opplevelse – eg kjem gjerne igjen til dykk og o-så vakre Telemark!

else

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2008

Også i år blir studentar og ungdom mellom 16 og 25 år subsidierte, for om mogeleg å få med fleire unge. Så her kjem ei oppfordring til alle: få med fleire ungdomar og dansarar i laget!

Fullt medlemskap for vaksne er som i fjor: **kr 350,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna BLS-lag: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg vanlegvis ved fyrste sendinga etter nyttår. Laget treng pengar for å klare seg, så bruk innbetalingskortet! Betal helst snarast råd, dvs. i fyrste kvartal. Hugs alltid å skrive på namn på innbetalingskortet, for elles blir det unødig bruk av tid og krefter i laget for å finne ut kven som har betalt!

Hallinglaget sin konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Medlemskap i Hallinglaget gjev deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på alle samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar og øvingskveldar i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar søndag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
 - Informasjon om andre folkemusikktilskipingar i hovudstaden (post/meldingsliste). Redusert pris på kurs i hallingspringar som laget skipar til. Vanlegvis er kurshelga om hausten.
-

Folkedanskveldar våren 2007

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, minikurs i Blåsalen (kr 100,- for heile kvelden frå kl. 18.00).

Normalt frå kl. 1930-2245, i Nordahl Bruns gt 22, 0165 Oslo.

Dato	Storsalen	Halli, minikurs 1800-1930	Arrangør lag
20. jan	Bærum spellemannslag	Stildans	Folkedanslaget Symra
27. jan	Østerdølenes spellmannslag		Rundsnuen Danselag
03. feb	Husk gammeldansorkester	Hallingspringar	Numedalslaget i Oslo
10. feb	Nysst	Boda-polska	Leikarringen i BUL
17. feb	Fanteladdane	Vossaspringar	Hordaringen i Oslo
24. feb	Spelemannslaget De frilynde		Oslo Songdanslag
02. mar	Deltakarane	Valdresspringar	Valdreslaget i Oslo
09. mar	Best før ...	Jølstra-springar	Hallinglaget i Oslo
30. mar	Flatlusa spelemannslag	Stildans	Folkedanslaget Symra
06. apr	Farande Fant	Boda-polska	Sogn og Fjordane laget
13. apr	AskerLadden	Amerikansk trad.	Hordaringen i Oslo
20. apr	Steinsgårdskroken		Ungdomsringen i BLS
27. apr	Bærum spellemannslag		Rundsnuen Danselag
04. mai	Husk gammeldansorkester	Finnskogspols	Hordaringen i Oslo
25. mai	Stensgård & Rusten		Sogn og Fjordane laget

Inngang: Medl. Kr 60,- ikkje medl. Kr 100,-

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

www.bls.no

e-post: bls@online.no

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

e-post: bls@ungdomslag.no, telefon: 913 22809

Styret i Hallinglaget 2007–2008

Leiar: Terje Grangård
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo
Tlf.: 2252 2267 – heime
4820 4652 – mobil
E-post: grangard@c2i.net

Nestleiar: Berit Grøtt Ellefsen
Gåserudgata 2A, 3032 Drammen
Tlf: 4804 0062 – mobil
E-post: berit.ellefsen@dnbnor.no

Kasserar: Gro Sissel Taraldrud
Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr
Tlf. 6691 3753 – heime
Tlf. 4803 4943 – mobil
E-post: gst@cultura.no

Skrivar: Ola R. Imset
Ignaveien 129, 1912 Enebakk
Tlf: 6492 6336 – heime
9013 3907 – mobil
E-post: ola@imset.net

Medlemer: Else Mohn
Strømsveien 25, 0658 Oslo
Tlf: 9587 9270 – mobil
E-post: helsemor@hotmail.com

Renate Nysted Tønnessen
Vallefaret 16, 0663 Oslo
Tlf. 9955 2650 - mobil,
E-post: renatenysted@yahoo.com

Bladstyre for Hallingljom:

Svein Aasen og Kathinka Mohn.

Stoff til Hallingljom kan sendast til:

E-postadresse: kathinka.mohn@parat.com eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Bård Kyrkjedelen,
Ånnerudskogen 91, 1383 Asker.
Tlf.: 6690 3998 – heime
E-post: bard.kyrkjedelen@c2i.net

Medlemer: Else Mohn, Hilde Kirkebøen og Michel Gascoin.

Revisor: Alix Cordray
Tlf.: 2225 2949

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: www.hallinglaget.net

Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård

Sjå også: www.bls.no, www.folkedans.com, www.folkemusikkscena.no og www.dans.laus.no!

Hallingbu



EP&B
JR.96